

## STØTTE TIL TILBOD OM GRATIS SKULEFRUKOST – UTLYSING AV MIDLAR

Fylkestinget har vedtatt at det blir sett av 3 mill kroner til gratis skulefrukost i vidaregåande skular i 2017. Midlane vert prioriterte til skular med låge inntakspoeng.

Midlane vert no lyst ut og skular kan søkje **med frist 20. februar 2017**.

På bakgrunn i *Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle* sitt handlingsprogram blir det, i tråd med nasjonale føringar, sett krav til fylkeskommunen om å arbeide for å etablere sunne matvanar i skulane/skulekantinane, jfr. Helsedirektoratet sine retningsliner *Mat og måltid i vidaregåande skoler*, 2013. Skulen er ein unik læringsarena sett i ein helsefremjande og førebyggjande samanheng. Skulemåltidet er ein faktor av miljøskapande verdi som har betydning for helse, trivnad og læring.

Frå eit læringsperspektiv ser ein på måltid som grunnleggjande for å fremje konsentrasjon og læring, jfr. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet

«Gjennom tilrettelegging for vel organiserte og sunne måltider som inkluderer alle, kan skolen bidra til at unge får gode muligheter til å etablere et helsefremmende og godt kosthold som de tar med seg senere i livet. Dette kan bidra til å redusere sosiale forskjeller i kosthold.» *Helsedirektoratet, Nasjonal faglig retningslinje for mat og måltider i skolen, nov. 2015*

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-skolen>

Erfaringane frå skular i Hordaland som har etablert tilbod om skulefrukost viser at dei skårar betre i Elevundersøkinga enn gjennomsnittet i Hordaland når det gjeld trivsel.

For å bidra til styrking av tilbodet om gratis skulefrukost i Hordaland lyser vi såleis ut midlar til skulane. Ved vurdering av søknader vil skular med låge inntakspoeng og låg gjennomføring bli prioriterte. Tilskotbeløp blir maksimum kr. 200.000 – 500.000, avhengig av tal på elevar

**Søknad om midlar skal innehalde:**

- **Tal på elevar**
- **Gjennomsnittlege inntakspoeng i 2016**
- **Omfang av tilbodet/kor mange dagar per veke**
- **Budsjett: Kostnader totalt, eigendel og omsøkt beløp**

**Frist for søknad: 20. februar 2017. Merk søknaden skulefrukost.**

Søknad sendast til: [postmottak.opplaering.@hfk.no](mailto:postmottak.opplaering.@hfk.no)

Ved spørsmål, kontakt [marianne.haaland@hfk.no](mailto:marianne.haaland@hfk.no), tlf. 55 239242